

2. slåtten 3 - 4 veker forseinka.

20.08.2017



Dåleg ver og mykje regn gjer at 2. slåtten må venta, noko som fører til forringa forkvalitet.

Dårelg ver gjer at 2.slåtten er 3 - 4 veker forseinka. I ei artikkel i BergensTidende nyleg kom det fram at bøndene rundt Bergen er fortvila. Forkvaliteten er dåleg, særleg for dei som driv med mjøkeproduksjon. Mange må spe på kraftfor for å halda oppe mjølkemengda. Bonde Hans Reidar Kjærland stadfestar at bøndene i Uskedalen er i den same situasjonen.

Til vanleg er 2. slåtten kring 20 juli og straks etter. No var rett nok fyste slåtten sein. Alt er forskyve, men det verste er at forkvaliteten er forringa. Hans Reidar Kjærland har mellom anna såkalla attelegg med korn og erter. Han reknar 65 vekstdøger frå såing og fram til hausting. Alt regnet gjer at foret rotnar og trekkjer til seg gangarar som rotter. Blautgjødselen ligg som ein film på marka. Tunge maskinar pakkar jorda, særleg i dårleg ver. Dermed oppnår ein ikkje god effekt av gjødslinga.

Det er synleg at dei som driv hausting med forhaustar og Vossakasse kjem best ut, slik det er gjort på Søre Kjærland. No er det betre meldingar for denne veka, men med alt regnet som har vore i det siste, må ein truleg venta enno 4 dagar før ein slepp til med slåing og pakking,

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal